


Været


i Sogn og Fjordane:

Midt på dagen


Delvis skya og opphald.



Kveld




Torsdag



Overskya men opphald.

Fredag



Overskya men opphald.

Laurdag

-5/0

Sundag

-5/0

Flo	I dag	I morgon
kl	00:52	01:42
kl	13:09	13:59

Fjøre	I dag	I morgon
kl	06:41	07:27
kl	19:10	20:03

SMHI

© SMHI Grafikk/Bulls

Sola opp/ned	I dag	I morgon
Opp kl	09.05	09.07
Ned kl	15.31	15.30

Månen opp/ned	I dag	I morgon
Opp kl	12.02	12.32
Ned kl	20.12	21.37

Eldsjel og inspirator

■ Forsberg får Østfoldprisen

■ Rekordmange kandidatar

TØNSBERG: Nesten på dagen 11 år etter at Sogn Avis som første avis fortalde om oppveksten til Terje Forsberg, mellom anna i Lærdal, fekk han Østfoldprisen 2014.



KAMP: Terje har kjempa ein tøff kamp, her på skulepulten frå Lærdal som han teke vare på og som Sogn Avis hadde på trykk 24. 11. i 2003.

«Ildsjelen, medmennesket og inspiratoren Terje Forsberg fra Sarpsborg er tildelt Østfoldprisen 2014», heiter det i ei pressemelding frå Østfold fylkeskommunen datert 20. november 2014. Den 24. november i 2003 skreiv Sogn Avis om Terje første gongen. Reisa han har vore på sidan den gongen er einestående.

Stempla evneveik

Terje Forsberg har både i media og ikkje minst gjennom sine egne fortalt om ein barndom i rennesteinen, fysisk og psykisk mobbing gjennom heile oppveksten. Han vart mellom anna stempla som evneveik på skulen, men han gav aldri opp håpet, han gav seg aldri.

Terje lærte seg å lesa som 20-åring, var raudruss då han var femti, og har sidan jobba utrøyttelig for å gje andre håp. Og han klart det. Det er det som har gjeve han Østfoldprisen 2014.


Mobbeoffer

– Dette hadde eg aldri trudd, og eg har vel ikkje skjont det heilt enno. Men denne prisen tek eg imot på vegner av alle

som har blitt mobba, og alle som jobbar mot mobbing. Østfoldprisen løftar oss. At vegen ut av mobbing og pleiing av såra du blir påført, blir løfta inn i Østfoldprisen, er fint. Dette gjer at andre kan augna håp og bli sterkare, seier prisvinnaren i den same pressemeldinga.

Ei bragd

Mot alle odds har Forsberg skapt seg eit lukkeleg liv, barneskulelæraren i Lærdal tok feil, han lærte seg å lesa, reka og skriva som godt vaksen og fullførte vidaregåande skule. Han har arbeidd som lærarvikar og har eit veletablert målarfirma i heimbyen. I 2003 fekk han billighetserstatning



BRAGD: Den 3. desember får Terje Forsberg Østfoldprisen 2014.

frå Staten for tapt barndom.

«Dette er ei imponerende bragd og ein stor siger for ein person som aldri har gitt opp. Men det er for sin ukuelege innsats for å hjelpa og inspirera born og vaksne med det samme vanskelege utgangs-

punktet som gjev Terje Forsberg Østfoldprisen 2014», heiter det mellom anna i juryen si grunngjeving.

Østfoldprisen blir delt ut under fylkestinget i Sarpsborg 3. desember. Prisen er eit spesiallaga kunstverk, eit diplom

– og ein sjekk på 100.000 kroner. Det har aldri vore fleire kandidatar til denne prisen enn i år.

Jan Inge Fardal

jan.inge.fardal@sognavis.no

NYBYGG REHABILITERING FUSLEGGING BETONG-ARBEID

TØMRAR

Svenn Arild Rinde
6887 Lærdal
Tlf. 97 59 50 56
Fax. 57 69 62 24
www.rindebygg.no

Ledig annonseplass!

Kontakt
Sogn Avis
tlf.: **57 65 60 00**

HJELMELAND BYGGFORRETNING AS
Postboks 24, 6854 Kaupanger

Tlf. 57 67 83 00 • Mob. 913 90 399/957 79 302

Mur – Puss – Flis – Tømrerarbeid

– flisar får du hjå oss...

Onsdagar 15 – 17 • Torsdagar 15 – 18
www.hjelmelandbygg.no

Løysing SUDOKU:

9	8	3	7	6	5	2	1	4
1	2	5	3	4	9	6	8	7
4	6	7	8	2	1	5	9	3
6	3	1	2	7	4	9	5	8
5	9	4	6	1	8	7	3	2
8	7	2	9	5	3	4	6	1
2	1	6	5	3	7	8	4	9
7	4	8	1	9	6	3	2	5
3	5	9	4	8	2	1	7	6

Sogn Avis

MMS/SMS:
«Sotips» til 1982

E-post:
desk@sognavis.no

Sentralbord:
57 65 60 00